

Høring om Justering av hovedgudstjenesten og alminnelige bestemmelser

Ein helsar arbeidet med å justera ordning for hovudgudstenesta og dei ålmenne føresegnene velkomen og takkar for høvet til å gje tilbakemelding på dette arbeidet. Stort sett er vi samd i den retninga arbeidet tar, med at det store talet på alternativer blir innskrenkt noko, slik at hovudgudstenestene blir meir standardiserte rundt i Noreg. Dei enkelte kommentarane våre er gjevne nedanfor.

Høringstema 1: Hvordan øke kvaliteten og antall deltakere i gudstjenesten.

Høringsspørsmål 1a: Hvordan mener dere gudstjenestereformen har påvirket gudstjenestelivet i deres menighet og i Den norske kirke?

Det er oftare nattverd enn tidligare, og fleire er involvert i gudstenestene gjennom særskilte oppgaver.

1b: Hva har fungert godt, og hva har fungert dårlig ved gudstjenestereformen?

Reformen har stort sett fungert bra. En viktig grunn er truleg at vi var forsiktige med å eksperimentera med alle valgmulighetene, særlig i den liturgiske musikken. Ein annan grunn er at dei fire sokna i Bømlo kommune utarbeidde så å seie identiske lokale grunnordningar. Einskilde tekniske løysingar, for eksempel opplegget for å registrera, henta og visa salmetekster på skjerm, har vorte unødige komplisert. Vi har relativt ofte valt å nytta dagens bøn som samlingsbøn.

1c: Hvilke av de momentene som er nevnt ovenfor mener dere vi særlig bør rette vår oppmerksomhet mot i gudstjenestearbeidet fremover?

Økt motivasjon, økt gudstjenestedeltaking, stabilisering av liturgien

1d: Hvilke behov ser dere for et mer variert gudstjenesteliv med ulike former for gudstjenester?

Det er positivt med variasjon som supplement til hovedgudstjenesta. Unntaksvis kan hovedgudstjenesta avvika frå det normale, til dømes i gudstjenester med trusopplæring, familiegudstjenester og anna.

Høringstema 2: Alminnelige bestemmelser for hovedgudstjenesten

Høringsspørsmål 2: Mener dere at det er behov for å justere eller presisere noe ved prosedyren for hvordan menighetens lokale grunnordning utarbeides og vedtas (jf. Alminnelige bestemmelser)? Hva bør endres?

- §30 bør vera svakare: Forbønnsleiaren KAN vere medliturg. (ev ...kan gjerne vera...).

- Det er vanskeleg å lesa konkret ut av de ålmenne retningslinjene kva kantoren sin myndighet eigentlig er. §73 viser til Tenesteordning og kvalifikasjonskrav for kantorer, men denne gir heller ingen spesifisering av kantors mynde.

Høringstema 3: Justeringer i hoveddel I. Samling, ledd 1 – 8

Høringsspørsmål 3e: Er dere enige i at samlingsbønnen ikke lenger blir obligatorisk, men et valgfritt ledd?

JA

Høringsspørsmål 3 f: Har dere endringsforslag eller kommentarer til leddet syndsbejkenne i høringforslaget?

Vi støttar forslaget om å byta ut det doble kjærleiksbodet med å visa til Guds nåde som innleiing til syndsvedkjenninga. Det er òg bra at det vert gitt moglegheit for å velje andre syndsvedkjenningar i enkelte høve. Men når vi kjem saman som kristne, skal vi først og fremst tiltale Gud som Far, ikkje som skapar. Den føreslåtte syndsvedkjenning D bør difor endrast eller fjernast. Tilsvarande gjeld syndsvedkjenning under pkt 16. Salme 51 og den gamle syndsvedkjenninga (Heilage Gud, himmelske far...) bør ikkje bli borte som alternativ i hovedgudstenesta.

Vi støttar forslaga om å ta bort moglegheiten til kort stille, eigenformulert syndsvedkjenning og takkebøn under pkt 5.

Høringsspørsmål 3i: Er dere enige i at ledd 8 Dagens bønn blir obligatorisk i alle hovedgudstjenester, og ikke et valgfritt ledd?

NEI

Høringsspørsmål 3 j: Gi eventuelt andre kommentarer til høringstema 3

- Vi er usamde i forslaget om at kyrkjelyden alltid skal stå til etter helsing.
- Vi er samde i prinsippet om at den liturgiske musikken normalt skal hentast frå dei godkjende hovudseriane.

Høringstema 4: Justeringer i hoveddel II. Ordet, ledd 9 – 17

Høringsspørsmål 4: Har dere endringsforslag eller kommentarer til hoveddel II. Ordet?

- Det bør framleis stå at predikanten normalt preiker over evangelieteksten.
- Det må framleis vera høve til å leggja inn aktualiserande og dramatiserande innslag i preika, då dette er ein vesentlig måte å kople saman gudstenesta og trusopplæringa på. Dessutan er det viktig sett i diakonalt perspektiv. Kyrkjemøtet sitt visjonsdokument for 2009 – 2014 seier at «alle kirkens medlemmer, uavhengig av livssituasjon, skal ha mulighet til å delta og høre til i den lokale kirkens fellesskap», og peikar på at det skal leggjast til rette for at menneske med utviklingshemming skal kunna sjå gudstenesta og fellesskapet i kyrkjelyden som ein stad dei kan uttrykka si

tru og finna styrke for trua, ved både å få og gje til fellesskapet. Menneske med ulike handikap kan då vera med t.d. å gjennomføra preika.

- Høve til å svara «Gud vere lova» kan bli ståande.
- Vi støttar ikkje at Halleluja-vers blir obligatorisk før evangeliet.
- Den alternative lovprisinga (...vår skapar, frigjerar og livgivar...) etter preika må fjernast.
- Vi anbefalar at forbøn «kan ledes» av ein medliturg.

Høringstema 5: Justeringer i hoveddel III. Nattverd, ledd 18 –21

Høringsspørsmål 5a: Kommenter gjerne nattverdpraksisen i menighetene i dag med tanke på særkalk og/eller intinksjon og med tanke på mottakelse av nattverd stående eller knelende på alterringen/altersranken.

Alle alternativ nyttast hos oss. Forslaget er ok.

Høringsspørsmål 5b: Gi gjerne kommentarer til valgene av ordene som er foreslått.

- Vi meiner at ein ikkje bør innføre nye, lange og talte replikkar for kyrkjelyden, ettersom dette sjeldan eller aldri fungerer godt. Kyrkjelyden bør innskrenka seg til å sei korte setningar som «Amen» eller «Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma igjen», mens derimot replikken «Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden» eller «Ta imot oss og våre gaver i Jesu namn» bør seiast av liturg. Eksempelvis klarte ein ikkje, til tross for lang tids prøving, å få den talte dialogen i Familiegudstenesta si innleiing («Gud er vår Far.» «Her i sitt hus, tar han oss inn...») til å fungera tilfredsstillande her på Bømlo.

Høringsspørsmål 5c: Er dere enige i at takkofferet inngår i nattverdliturgien, og ikke i forbønnsleddet?

Vi føretrekkjer å behalda valfridomen på dette punktet.

Høringsspørsmål 5e: Har dere kommentarer eller endringsforslag til ledd 19 og 20 i høringsforslaget?

- Når det er fleire knefall, seier den eine rubrikken at fredsønsket kan koma anten etter kvart knefall eller til slutt, mens den neste seier at fredsønsket skal uttalast etter «Han styrke oss...» Her er rubrikkane litt uklare. Vi anbefalar at det presiserast at fredsønsket ikkje skal gjentakast til slutt dersom det har vorte sagt etter kvart knefall.
- Vi anbefalar ikkje at kyrkjelyden skal stemma i den lange replikken «Han styrke oss...», men berre av liturgen.
- Når det gjeld avsluttinga av måltidet, anbefalar vi at dei to første alternativa til takkebøn vert kombinerte til èi bøn, beståande av innleiinga i den første (fram til «...oppstandelse») og bøna i den andre («Vi ber deg at du...osv»), og at dei to siste

alternativa går ut. Kyrkjelyden bør berre svara «Amen», og ikkje med noko lang replikk. Motivet om vitnesbyrd og teneste i verda vert ivareteke i avsluttinga av messa («...ten Herren med glede»).

Høringstema 6: Justeringer i de enkelte nattverdbønnene

Høringsspørsmål 6: Gi gjerne kommentarer eller endringsforslag til nattverdbønnene.

- Ein bør droppa kyrkjelyden sin replikk «Han vere ære for kjærleiken...osv». Dette gjeld alle bønene. I tillegg til at dette neppe vil fungera talt, vil det utelukka kjente musikalske utformingar av «Kristus døydde...osv».
- I nattverdbøn B, heiter formuleringa vanlegvis «...og ved Den heilage Ande og AV jomfru Maria...»
- I nattverdbønn E virkar bønna mellom Troens mysterium og Fadervår springande og usamanhengande.
- Vi ser gjerne at Nattverdbønn F – Johannesordninga – kjem inn igjen. Vi anbefalar å droppa «vår skaper» og behalde det gamle «allmechtige Far» eller eventuelt «allmechtige Gud»
- Nattverdbønna manglar ein ordentlig anamnese. Den må ha tydelegare referanse til Jesu død og oppstode.

Høringstema 7: Justeringer i hoveddel IV. Sendelse, ledd 22 –25

Høringsspørsmål 7: Har dere kommentarer eller endringsforslag til hoveddel IV Sendelse?

- Når velsigninga blir talt, bør kyrkjelyden svara (talt) med berre eitt Amen (ikkje tre, slik det nå står.)
- Utover dette går vi inn for endringsforslaga i denne delen.